

JENS UNDAHL OG FYRSTIKKFABRIKKANE HANS (Valen, Jondal, fleire på Austlandet, Bergen og i Sogndal)

### *Hardanger Tændstikfabrik*

"På Valen gård i Kvinnherad bodde ved midten av forrige hundreår proprietær, veiinspektør Axel Rosenkrantz Undahl med familie. Sønnen, ingeniør Jens Undahl, hadde en tid praktisert i Sverige, og her satt seg inn i fyrstikkproduksjon. I februar 1875 ble så Hardanger Tændstikfabrik registrert hos fogden i Sunnhordland, med Jens Undahl som bestyrer. Undahl har imidlertid opplyst på et skjema at bedriften ble satt i gang i 1869, etter at han i Christiania hadde truffet en svensk fyrstikkmann Abraham Nilsson fra Värmland, som ble med vestover og deltok i reisingen av fabrikkene. Da Jens Undahl i 1876 drog til Christiania Tændstikfabrik i Heggedal, ble hans bror Johan Undahl bestyrer av fabrikkene på Valen.

I 1876 hadde denne fabrikkene følgende beskjeftigede:

Bestyrer 1

Oppsynsmann 1

Menn over 15 år 7

Kvinner over 15 år 14

Gutter under 15 år 3

Piker under 15 år 1

Dessuten var det en del voksne og barn i gang med liming av esker i hjemmene. Fabrikkene var ikke stor, den hadde i 1870-årene 1 høvelmaskin, 2 ramleggemaskiner, 1 sponsvarv og 1 karvemaskin. Det ble laget fosforstikker i esker og tutter, men kvantum ble aldri oppgitt. Det bodde fyrstikkarbeidere i Vaagen, Skarpteigen, Kalleberg, Viken, Heien, Gangstø, på Pladsen og Underhaug, i Sundteigen og Teigedalen. Ifølge lensmannen i Fjelberg, var det slutt i 1877. En vakker etikett i sort trykk på grønn bunn er kjent. Motiv: en ildsprutende drage i en ellipse. Tekst: «Hardanger Tændstikker.» På sidekanten: «Oplag hos Joh. H. Bentzen, Bergen.»

(Fra "Norsk Fyrstikkindustri før år 1900" av Olav Wetting, konservator ved Norsk Teknisk Museum, Universitetsforlaget 1968)

### *Jondal fyrstikkfabrikk.*

«Før 1823 kjende dei ikkje betre måte å gjera opp eld med enn flint og stål. Då fann dei opp det fyrste kjemiske fyrstøyet, men det var for tungvint til å få praktisk verd. I 1832 fann dei opp svovelstikkene, og frå frå 1845 vart dei fabrikkert i Wien. Men dei var eldsfårlege og giftige, so dei var agesame både å laga og bruka. I

1860-åri vart det bygt ikkje so få mindre fyrstikkfabrikkar her i landet. Svensken Abraham Nilsson frå Norrekjern i Sillerud sokn i Värmland kom til Oslo i 1867, og der kom han inn i fyrstikkfabrikasjonen. So fekk Jens Undahl han til å byggja ein fyrstikkfabrikk på garden sin, Valen i

Sunnhordland, kring 1870. Nilsson bygde og ein fabrikk på Hetleseter i Etne. Abraham Nilsson vart gift med ei brordotter til bakaren Knut Vik i Jondal. Og bakaren var ein mann med idear. Han hadde ikkje fått læra anten lesa eller skriva i barndomen, men han var levande interessert i alt som hadde med teknikk å gjera. Han reiste til Bergen i bakarlære, og kom so til Jondal. Der gjekk han og fura på kva ein kunde gjera ut av Haugafossen. Det var han som fekk Arne Nerål til å buggja stampe og farger der. Og no slo tanken ned i han at han skulle få Abraham Nilsson hit og byggja ein fyrstikkfabrikk. Han fekk grunneigaren Ivar Underhaug, Arne Nerål, Sjur Vikane, Lars O. Sætveit og andre som makta noko, med seg. I 1875 kom Nilsson til Jondal. Dei kjøpte det gamle herskapshuset på Torsnes til fabrikkbygning. Timbra vart lagt opp att i hytt og vær, so den gamle rosemålingi med riddarar i panser og plate vart den reine rebusen, fortel dei som minnest huset. Men det var eit romsleg lokale i 2 høgder med store salar. Dei fyrste maskinane vart kjøpte frå fabrikkane på Valen og Hetleseter som no var lagde ned.

Brandtaksten er halden 5. august 1876. Bygningen var 24,5 alner lang, 12 alner breid og 8,5 alner under takskjegget. I fyrste høgdi var 4 timbra rom. I det eine var ein svovelomn. Eit rom hadde steingolv, gibsa veggjer og jarnbeslege tak. I andre høgdi var likeeins fire rom, utstyrde med maskiner av yms slag. Alt vart taksert til 6030 spd.

Fyrstikkene dei laga var fosforfyrstikker, dei vart pakka i sokalla "tuttar", små papir hylser. Fosfor er giftig og eldsfårleg, og må difor handsamast varsamt om han ikkje skal taka fyr. Rein fosfor måtte soleis lagrast under vatn, og kvar kveld måtte sopa og sandstrø golvet. Det kunne nemleg henda at stikker fall på golvet under arbeidet. Nilsson var sers streng med dette, men medan han var ein tur i Bergen, hadde dei ikkje vist pålagd varsemd, og 16. mai 1880 brann fabrikk ned. Berre vasshjulet og litt av veggen stod att. Trossa i vassluka hadde nemleg brunne av og vasshjulet tok til å spruta vatn opp etter bordtaket.

No vart det gamle partlaget oppløyst, og Abraham Nilsson, Ivar Brekke, Ivar Underhaug og Lars Sætveit skipa eit nytt. Fabrikk vart bygd oppatt på same tuftene av materialar dei fekk med segljakt langt nordanfrå. Den nye fabrikk er brandtaksert 13. juli 1881 for kr. 27700.

*Haugefossen Tændstikkfabrik* vart det nye selskapet heitande. Fabrikk var no heilt moderne med nye maskinar. Det var m.a. sett opp eit saghuss med stikksag som skar ospi opp i passande kubb, dreiemaskin til skjering av spon til stikkeøskjer og skuffer. Det var sikkerhetsstikker dei no laga (desse var oppfunne i 1848) som berre fatar ved stryking mot ei rivplate, med andre ord den sorten me brukar no, og øskjer og skuffer var av det kjende slaget. Dei kjøpte inn to ristemaskinar som sette stikkene i råmer med høvelege mellomrom når ein sette "satsen" på, og hakkemaskinar til å hogga ospestrimlene passeleg tjukke. Men likevel vart det mykje handarbeid med å laga øskjedeler og skuffer og å pakka stikkene. Dette var arbeid for kvinner og born. Smågutar klistra saman skuffer og smågjenter lima øskjer. Men til å leggja stikkene i øskjer og til dusinpakking bruka dei helst vaksne folk.

Men no tok det til å veksa fram store, moderne stikkefabrikkar på Austlandet, og i tevlingi med dei låg dei små under. Alt i 1883 vart fabrikk i Jondal nedlagd. Heile utstyret vart seld til kaptein Egenes i Cap Town, Sør Afrika. Nilsson reiste ned for å montera maskinane, og han vart fabrikkstyrar der nede like til han vende attende til Jondal i 1905, der huslyden hans heile tidi hadde butt. Han døydde som rentist i 1933, 89 år gammal».

(Jondal i gamal og ny tid. 1. s.155.)

"På 1800-talet bygde ingeniør Jens Undahl ein fyrstikkfabrikk ovanfor "Gamle" Saga. Denne fabrikk brann ned, årstal ukjent. Jens Fr. Undahl prøvde då å byggja fabrikk opp at anten i Bergen eller Laksevåg. Men denne fabrikk vart han diverre uheldig med. Bygningen var nemlig bygt på blåleire og vart difor etter ei kort stund skeiv. Fabrikk måtte rivast og Jens Fr. Undahl tapte 70000 kr. Etter det tapet byrja han å hogga på skog og selja tømmer for å komma på fote att. - Dette skal vera årsaka til at det er så lite tømmer i Søre-Valen."

(Frå særøppgåve)

På Valen finn me tuftene etter fyrstikkfabrikk like nedanfor gamle kraftstasjon, like ved 'Tarzanløypa' og trelavvoen.